



Bekymringsfullt skulefråvær


Rettleiar for skulenærvær

Innhald

Innleiing og lovverk	2
Kva er bekymringsfullt elevfråvær?	3
Prosedyre for registrering av fråvær ved Seljord barne- og ungdomsskule	3
Ved udokumentert fråvær	3
Småtrinnet (1.- 4. trinn).....	3
Mellomtrinnet (5.-7. trinn).....	3
Ungdomstrinnet (8.-10. trinn).....	3
Kven utviklar bekymringsfullt skulefråvær?.....	4
Forhold som kan påverke skulefråværet.....	4
Kjenneteikn hos eleven som kan utvikle fråvær	5
Døme på kjenneteikn:	5
Den vonde sirkel – fråvær aukar fråvær.....	5
Praktisk fråværs- og nærværsarbeid på tre nivå	6
Nivå 1 – Førebygging	6
Å skape eit trygt og godt læringsmiljø.....	6
Nivå 2 – Målretta tiltak.....	7
Tiltakstrappa.....	8
Støtte til kartlegging av bekymringsfullt skulefråvær	10
Støtte til å sette inn tiltak.....	11
Dersom avklart fråvær held fram utover 10 dagar	11
Nivå 3 - Komplekst fråvær	12
Utforming av tiltak og tilrettelegging ved komplekst fråvær	12
Døme på malar til samtale med eleven	14
Relasjonssirkelen	15
Sosiogram	16
Mal for telefonsamtale heim.....	17
Mal for fyrste møte med heimen	18
Ulike samtale- og kartleggingsverktøy	19
Dei 7 K-ane til arbeid med dags- og vekeplanar.....	23
Kjelder	24

Innleiing og lowerk

Denne rettleiaren legg til grunn forståing av skulefråvær basert på tre nivå og prinsipp illustrert på følgjande vis.



Intensjonen er at 80 % av innsatsen knytt til nærvær og fråvær skal vere innan førebyggjande arbeid. Tidleg innsats og førebygging fører til mindre arbeid på nivåa over.

Bekymringsfullt skulefråvær har fleire årsaker. Om det får utvikle seg over tid, vil dei ulike årsakene påverke kvarandre negativt. Situasjonen vil då bli uoversiktleg.

Fråværet kan utvikle seg frå noko som kan opplevast lite, dersom ein ikkje grip inn tidleg.

Eit godt foreldresamarbeid er avgjerande for å førebygge bekymringsfullt skulefråvær.

Opplæringslova § 10 - 6

Elevane si plikt til å delta og kommunen og fylkeskommunen si oppfølgingsplikt

«Elevane skal vera aktivt med i opplæringa og følgje skolereglane. Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at elevar med fråvær frå opplæringa blir følgd opp [...]»

Kva er bekymringsfullt elevfråvær?

Ingul definerer bekymringsfullt, eller ufrivillig, fråvær slik:

«Fravær fra undervisningen og det sosiale fellesskapet i skolen, gyldig eller ugyldig, av et omfang/ en hyppighet som medfører bekymring knyttet til elevens faglige utvikling, samt elevens sosiale tilhørighet og utvikling.»

Fråvær, uansett årsak, krev oppfølging frå skulen. Fråvær kan vere alvorleg frå fyrste dag.

Fråvær som reknast som bekymringsfullt, og bør utløyse handling:

- ▶ 10 dagar fråvær i halvåret (dokumentert og udokumentert)
- ▶ Høgt timefråvær (legg merke til eventuelle mønster når det gjeld fag, timar eller lærarar)
- ▶ Til stade på skulen, men ikkje i undervisninga
- ▶ Stadig forseintkomming

Prosedyre for registrering av fråvær ved Seljord barne- og ungdomsskule

Ved udokumentert fråvær

Udokumentert fråvær er når eleven er borte, og heimen ikkje har registrert fråværet i Visma. Lærar legg då inn fråværet. Heimen vil få ei automatisk generert melding om at fråvær er lagt inn.

Småtrinnet (1.- 4. trinn)

Kontaktlærar tek kontakt med heimen snarast, dersom lærar ikkje har fått beskjed og eleven ikkje kjem på skulen.

Mellomtrinnet (5.-7. trinn)

Lærar legg inn udokumentert fråvær på eleven så snart som råd. Heimen vil då få ei melding om at eleven ikkje er på skulen.

Ungdomstrinnet (8.-10. trinn)

Lærar legg inn udokumentert fråvær på eleven så snart som råd. Heimen vil då få ei melding om at eleven ikkje er på skulen.

10 dagar fråvær (dagsfråvær) i halvåret definerer vi som bekymringsfullt. Det vil då gå ei automatisk generert melding frå Visma til kontaktlærar og heimen om fråværet.

Kontaktlærar tek kontakt med heimen i løpet av to arbeidsdagar og avklarar om det er grunn til bekymring (sjå mal for samtala under «Verktøy»)


Unormalt høgt timefråvær er bekymringsfullt. Det er kontaktlærar si oppgåve å overvake timefråværet. Når kontaktlærar blir bekymra for timefråværet, skal leiinga varslast.

Kontaktlærar tek kontakt med heimen i løpet av to arbeidsdagar og avklarar om det er grunn til bekymring.

Kven utviklar bekymringsfullt skulefråvær?

Skulen har ei oppfølgingsplikt jf. Opplæringslova § 10-6 for elevar med fråvær frå opplæringa. Årsakene til skulefråvær er samansette og må plasserast utanfor elevens ansvar. Bekymringsfullt skulefråvær er som regel eit symptom på noko som er vanskeleg i elevens liv.

Kvart av dei fire områda har faktorar som kan spele negativt inn på skulenærvær.



Forhold som kan påverke skulefråværet

Skule	Heim	Eleven	Fritid
Utrygt læringsmiljø	Foreldre si involvering i barnet	Skulebytte/overgangar	Interesser
Mobbing	Foreldre si haldning til skulen	Somatiske plager med diffus årsak	Sosialt nettverk
Relasjonar til vaksne	Endringar i familiesituasjon	Låg sosial støtte, få venner	Organiserte aktivitetar
Relasjonar til medelevar	Kommunikasjon og foreldrestil	Treng struktur og føreseieleg skuledag	Isolasjon
Rutinar for registrering og oppfølging av fråvær	Mangel på strategiar til å møte utfordringar	Lærevanskar, diagnoser (t.d. autisme, ADHD, Tourettes syndrom, høgt læringspotensial, angst eller OCD)	Gaming
Tilsette sin kompetanse og tilrettelegging	Mangel på struktur	Angst, depresjon eller rusproblem	Samarbeid mellom ulike instansar

Mangel på struktur og føreseieleg skuledag	Vald, rus foreldre si fysiske/mentale helse	Fokus på andre ting utanfor skulen (t.d. konflikt eller sjukdom heime)	
Hyppige lærarbytte		Utbytte av opplæringa/oppleving av meistring	

Kjenneteikn hos eleven som kan utvikle fråvær

I starten kan skulefråvær ofte berre vere synleg i heimen. Foreldre kan ha strevd lenge med å få eleven på skulen før dei tidlege teikna og fråværet blir synleg for skulen.

Det er viktig å oppmode foreldre til å raskt dele bekymringa dersom dei opplever dette. Mange elevar som har utvikla høgt fråvær, har rapportert at dei bruka mykje kapasitet og energi på å «ta seg saman» for å sjå ut som dei hadde det bra medan dei var på skulen.

Det er derfor klokt om skulen og laget kring barnet har kjennskap til kjenneteikn hos eleven som kan utvikle høgt skulefråvær.

Døme på kjenneteikn:

- ▶ er introvert eller sjenert
- ▶ er svært utrygg ved skulestart eller etter skulebytte, og ordinære tiltak for å trygge eleven er ikkje nok
- ▶ snakkar aldri høgt i klassa
- ▶ snakkar ikkje med vaksne/medelevar eller berre med utvalde vaksne/medelevar
- ▶ viser motstand mot å vere ute i friminuttet, eller er avhengig av at ein bestemt vaksen/medelev er til stade
- ▶ har ofte fysiske plager, for eksempel vondt i hovudet eller magen
- ▶ gjev nonverbalt eller verbalt uttrykk for nedstemt eller redsel, generelt eller knytt til spesifikke situasjonar på skulen
- ▶ trekker seg tilbake frå sosial interaksjon og/eller skulerelaterte aktivitetar
- ▶ viser utagerande åtferd, for eksempel sinne, i situasjonar kor eleven blir utsett for krav i skulekvardagen
- ▶ viser mostand mot å delta i eller forsøker å unngå enkelte fag, situasjonar eller aktivitetar på skulen
- ▶ ringer ofte heim i skuletida, eller ønsker å gå heim i løpet av dagen

Den vonde sirkel – fråvær aukar fråvær


Fråvær over tid kan føre til at eleven blir sosialt isolert og mistar opplevinga av å høyre til. På denne måten kan fråvær vere en oppretthaldande faktor for fråvær.

Eleven blir ofte hengande etter fagleg og utviklar negative tankar og angstfølelse knytt til å møte på skulen.

For å bryte med den vonde sirkelen, må det leggest til rette for at eleven gradvis kan venne seg til situasjonar den har unngått. Dette inneber å legge eit viss press på eleven, slik at eleven kan oppleve at det å gjennomføre det vanskelege gjekk bra. Skulen har ei skjerpa aktivitetsplikt for elevar som er særskilt sårbare. Å vera særskilt sårbar er knytt til elevens funksjonsgrad, familieforhold eller eigenskapar.

Praktisk fráværs- og nærværsarbeid på tre nivå

Nivå 1 – Førebygging



Å skape eit trygt og godt læringsmiljø

Eit positivt og respektfullt klima er mellom anna kjenneteikna av at dei vaksne i klasserommet initierer og legg til rette for varme og støttande relasjonar. Læraren tar seg tid til å bli kjent med elevane og kommuniserer på ein varm og høfleg måte, både med elevar og kollegaer. Elevane blir oppmuntra til og får positiv feedback på deltaking og innsats.

Lærarsensitivitet er mellom anna kjenneteikna av at dei vaksne lyttar til og responderer på elevens behov. Det inneber også å være observant på nonverbale teikn på frustrasjon og forvirring, som til dømes at eleven vandrar rundt i klassa eller legg hovudet på pulten.

Verdsetting av elevens perspektiv styrker elevens motivasjon og lyst til å lære. Dette er mellom anna kjenneteikna av at ein aktivt etterspør elevens tankar og idear og gir rom for aktiv medverknad og deltaking i undervisningssituasjonen.

Kvalitet i relasjonar blir skapt gjennom alle møter mellom to menneske (Breeman et al., 2015). Relasjonsbyggingstid mellom lærar og elev kor ein med utgangspunkt i elevens interesser skaper felles positive opplevingar – såkalla systematisk «banking time» (Roland, 2021) er ei god investering.

God klasseleiing betyr mellom anna å vere godt førebudd og i forkant av ulike situasjonar i og utanfor klasserommet. Slik blir skulekvardagen og timane i klasserommet føreseielege og trygge for elevane.

God organisering er viktig for alle elevar, men kanskje særleg for elevar med bekymringsfullt frávær. Tydelege dagsplanar, faste rutinar, klare klassereglar og konsekvent handtering av desse er viktig. God klasseleiing handlar også om å halde oversikt over klasserommet, sjå teikn til uro tidleg og å ha alternative oppgåver tilgjengeleg for dei som jobbar raskt, eller treng pause undervegs.

Klare læringsmål og meningsfulle læringsaktivitetar vil hjelpe elevane til å få forståing for eigen læringsprosess. Derfor bør lærar gje tydelege og tilpassa forklaringar på kva elevane skal gjere, og


korleis og kvifor dei skal gjere ei bestemt oppgåve. Ny kunnskap bør koplatt til elevens forkunnskaper, kvardagsliv og samfunnsliv.

Tilbakemeldingar som fremmer læring hos eleven, oppnår lærar ved å gje fylldige tilbakemeldingar kor ein bygger vidare på det eleven har sagt. Lærar bør også stille mange oppfølgingsspørsmål og gje elevane hint som hjelper dei til å tenke vidare, og finne nye svar eller løysingar.

Overgangar. Det er fleire område av elevens skulekvardag som handlar om overgangar. Det kan vere dei vanlegaste overgangar til dømes etter helg og ferie, men også mellom skuleslag, ved bytte av trinn, eller ved aktivitetar i løpet av skulekvardagen. Overgangen fra skulevegen til skulegården kan ofte vere ei stor utfordring. Syt for å skape god oversikt, kunnskap om det ukjente og føreseieleg struktur og rutinar for å dempe stresset som blir aktivert hos elevar i slike situasjonar.

Gode fråværsrutinar er naudsynt for å få god oversikt over elevens fråvær. Å følgje reglane for fråversføring på skulen og å føre fråvær kvar gong og raskt er viktig.

Tre faktorar som påverkar skulenærværet



Kjelde: Gro Emmertsen Lund


Nivå 2 – Målretta tiltak



Tiltakstrappa

Bekymringsfullt skulefråvær hos oss er:

- Ved nådd 10 dagar fråvær (dagsfråvær) per halvår
Automatisk generert Vismamelding til kontaktlærer og heimen ved 10 fråværsdagar
- Ved unormalt høgt timefråvær



Trinn 1

Når eleven har nådd 10 dagar med fråvær, eller har nådd eit unormalt høgt timefråvær. Kontaktlærer undersøker eleven sitt fråvær i Visma. Er fråværet bekymringsfullt eller er det naturlege årsaker til fråværet? Naturlege årsaker kan vera at eleven har hatt ein langvarig influensa, hatt permisjon el.l. Bekymringsfullt fråvær kan vera sporadisk fråvær med uklar årsak. T.d. «vondt i magen». Ringe heim (sjå mal for samtala under «Verktøy») og avklare om fråværet har naturlege årsaker eller om det er bekymringsfullt. Dersom det er bekymringsfullt går saka vidare til trinn 2. Før møtet i trinn 2 har kontaktlærer ei samtale med eleven og kartlegg kva som kan vera årsaka til fråværet, sjå «Støtte til kartlegging av bekymringsfullt skulefråvær» under. Sjå mal for fyrste møte under «Verktøy».

Trinn 2

Kontaktlærer lyttar til heimen og eleven si oppleving av situasjonen og fortel kva som kom fram i samtala med eleven. Blir einige om tiltak for å endre situasjonen, sjå «Støtte til å sette inn tiltak» under. Avtalar dato for evalueringsmøte. Kontaktlærer skriv referat frå møtet. Kontaktlærer informerer tilsette på trinnet og leiinga.

Dersom evalueringsmøtet viser at tiltaka ikkje har tiltenkt effekt (fråværet held fram eller aukar), går saka vidare til trinn 3 eller ev. direkte til trinn 4.

Trinn 3

Leiinga deltek på møtet saman med heimen, kontaktlærer og ev. eleven sjølv. Drøfte situasjonen. Justere/sette inn nye tiltak. Avklare kva for andre instansar som skal involverast og hente inn samtykke. Leiinga har ansvar for å kalle inn instansane ein blir einige om til nytt møte med heimen/elven, kontaktlærer og skuleleiinga.

Trinn 4

Etablerer gruppe som jobbar saman med eleven, heimen og skulen. Ytterlegare kartlegging av situasjonen, sette inn og justere tiltak, vurdere behov for ytterlegare ekstern bistand, direkte arbeid med heimen og/eller eleven. Helde i saka til fråværet er avslutta og eleven er fullt tilbake på skulen igjen.

Støtte til kartlegging av bekymringsfullt skulefråvær

Spørsmål som kan stillast i samtale med elev og/eller foreldre. Tilpassast elevens alder og situasjonen.

<p>Psykisk uhelse</p>	<p>Er det noko du er spesielt redd for, eller har blitt redd for i det siste? Er det noko du bekymrar deg for eller tenkjer veldig mykje på? Søv du godt om natta? Når legg du deg? Har du ofte vondt i magen eller hovudet? Når er det du opplever å ha vondt? Gruar du deg ofte til ting? Er det vanskeleg å stå opp? Er det vanskeleg å gå/reise til skulen?</p>
<p>Oppleving av utrygt skulemiljø eller andre forhold</p>	<p>Er det vanskeleg å vera på skulen? Har du vener på skulen? På fritida? Har du det godt i klassa? I friminutta? Kjenner du deg trygg? Tør du rekke opp handa i klassa? Har du vaksne på skulen du kjenner deg trygg på og kan sei i frå til? Er det nokon som plagar deg eller på andre måtar gjer at du ikkje opplever det trygt og godt på skulen? Opplever du å bli utestengt? Meistrar du faga på skulen? Er det noko som er spesielt vanskeleg eller du gruar deg ekstra til?</p>
<p>Miljøforhold</p>	<p>Er det noko som har endra seg i heimesituasjonen? Har du faste rutinar i kvardagen? Kva gjer du på fritida? Er det noko som har endra seg i fritida di? Er du mykje aleine? Opplever du mykje press og stress knytt til skule eller fritidsaktivitetar? Er det viktig for deg å gjera det bra? Har du tid til å kvile i kvardagen din? Har du vener å vera saman med? Korleis har du det på nettet? Kva gjer du på nettet? Kva gjer de saman heime? Har noko endra seg?</p>
<p>Ibuande utfordringar kan vera ulike diagnosar eller kjenneteikn på dei. Døme på dette kan vera angst, tvangslidingar, autismespekterforstyringar, ADHD/ADD.</p>	

Støtte til å sette inn tiltak

På skulen	Fritid	Heimesituasjon	Helse
-Tiltak for å bygge/styrke relasjon mellom elevar eller mellom elev/vaksen -Fagleg hjelp/tilpassing -Tilpassingar i klasserommet -Fritak frå aktivitetar i ein periode (t.d. lese høgt, presentasjonar) -Støtte til sosial samhandling og kompetanse -Samtaler med vaksen -Ulike avtaler mellom heim/skule -Jentegrupper/ gutegrupper med fokus på samhald og sosial kompetanse -Sosiale klassetiltak eller anna miljøarbeid	-Delta på/kutte ned på fritidsaktivitetar -Legge til rette for opplevingar saman med medelevar -Faste rutinar/endre på rutinar	-Faste rutinar/endre på rutinar -Tiltak for å betre søvn/kveldsrutinar -Endringar i nettbruk -Opplevingar saman som familien -Endre prioriteringar og tidsbruk i familien -Syte for gode morgonrutinar	-Søke hjelp hos helsesjukepleiar, fastlege eller andre instansar -Få hjelp til søvn eller kosthald -Få hjelp til å handsame psykisk uhelse t.d. oppleving av stress/press, redsel/angst, grue seg

Dersom avklart fråvær held fram utover 10 dagar

Fråvær er ei bekymring, uansett årsak. Dersom ein elev presterer fagleg lågt og har 10 % fråvær eller meir, er risikoen får å ikkje gjennomføre vidaregåande skule stor.

Ved Seljord barne- og ungdomsskule ringer kontaktlærar heim ved 10 dagar fråvær. I dei fleste tilfelle har fråværet ei naturleg forklaring, og det blir ikkje sett i verk tiltak. Kontaktlærar har ansvar for å halde fram med å overvake fråværet til eleven. Dersom eleven i løpet av halvåret når 15 dagar fråvær og i tillegg presterer fagleg lågt, skal kontaktlærar varsle skuleleiinga. Leiinga i samarbeid med kontaktlærar kallar heimen inn til eit møte og drøftar tiltak for å auke skulenærværet.

Samarbeidspartnarar

Det er mange ulike samarbeidspartnarar som kan vere aktuelle å involvere. Det vil variere frå sak til sak kven dette er. Døme på aktuelle samarbeidspartnarar er PPT, helsesjukepleiar, psykisk helse barn og unge, fastlege, familievernkontoret, barne- og ungdomsteam, fysioterapi, sosiallærar, rådgjevar, los. Skulen har eit miljøteam primært retta mot ungdomstrinnet, men kor også saker på mellomtrinnet kan blir drøfta. I miljøteamet deltek dei fleste av instansane over.

Nivå 3 - Komplekst frávær



Utforming av tiltak og tilrettelegging ved komplekst frávær

Skular som lukkast med tilbakeføring av elevar med langvarig frávær, meistarar å arbeide fleksibelt i møte med elevens behov og initiativ. Elevens interesser og motivasjon, både fagleg og sosialt, bør vere utgangspunkt for utarbeiding av tiltak. Læraren oppmodast til å prioritere tid på å skape ein god relasjon til eleven. Dette betyr å bli kjent med det som ikkje handlar om problemet, men kvalitetar, styrker og interesser hos eleven. Lærar fastset tid til dette i samarbeid med leiinga.

Ei grundig kartleggingssamtale med eleven krev ein trygg relasjon og er utgangspunktet for tilpassingar og tiltak som ein skal i gang med. Ein skreddarsydd plan eller avtale blir utarbeida av lærar saman med eleven og heimen. Tillit blir skapt mellom skule og heim når avtaler blir halde. Den profesjonelle part (skule og hjelpeapparat) må halde på trua på framgang når heimen og elev blir slitne og ser ut til å miste håp om betring.

I dei fleste saker kor fráværet er komplekst, anbefalast dags- og vekeplanar med informasjon om kva som skal skje. Dette bidrar til ein føreseieleg og trygg kvardag og senker stressnivået. Eventuelle endringar bør bli gitt informasjon om i god tid. Elevens meistring kan vere varierende etter kor høgt symptomtrykk den har, og den vaksne må vere fleksibel og kunne tilpasse opplegg utifrå elevens dagsform. For elevar som er heilt heime frå skulen, vil det ofte vere nødvendig å lage ein plan for gradvis tilbakeføring.

VERKTØY



Døme på malar til samtale med eleven

Elevsamtale barnetrinn – døme 1

- Fortel litt om kven du er saman med på skulen, og kva de likar å gjere saman (på skulevegen, i friminutt osv.).
- Har du nokon gong opplevd å ikkje trivst på skulen?
- Fortel om korleis du trivst i klasserommet (plassering, fag, oppgåver osv.).
- Kan du fortelje litt om korleis du har det saman med dei forskjellige vaksne på skulen?
- Korleis går det med leksearbeid, synest du?
- Dersom du kunne endre noko på skulen, kva skulle det vore?

Elevsamtale barnetrinn – eksempel 2

Navn: _____

1. Hvordan trives du på skolen?	Veldig bra	Bra	Passe	
2. Disse elevene leker jeg med på skolen: _____				
3. Jeg føler meg trygg på skolen.	Ja	Som oftest	Noen ganger	
4. Jeg arbeider effektivt og konsentrert i timene	Ja	Som oftest	Noen ganger	
5. Jeg får den hjelpen jeg trenger fra lærerne.	Ja	Som oftest	Noen ganger	
6. Jeg jobber godt med lekser hjemme.	Ja	Som oftest	Noen ganger	
7. Jeg er høflig og vennlig mot voksne og barn på skolen.	Ja	Som oftest	Noen ganger	
8. Jeg følger med på beskjeder og gjør det som blir sagt.	Ja	Som oftest	Noen ganger	Nei

	Liker godt	Liker litt	Liker ikke
Norsk			
Matte			
Engelsk			
...			

Dette synes jeg er gøy og vil lære mer om: _____

Dette vil jeg jobbe mer med på skolen: _____


Elevsamtale ungdomstrinn

I denne samtala ynskjer vi å ha fokus på di oppleving av både fagleg og sosial meistring. For at samtala skal bli best mogleg, vil vi at du tenker gjennom nokre spørsmål på førehand.

1. Kva for faglege mål har du satt deg for dette halvåret?
2. Kva meiner du det er viktig at du sjølv gjer for å kunne nå desse måla? Kom med konkrete forslag.
3. Korleis jobbar du med tilbakemeldingane du får i dei ulike faga, heilt konkret?
4. Kva er gode arbeidsvanar for deg? Kva gjer du for å klare å gjennomføre desse?
5. Korleis jobbar du med motivasjonen, eller for å finne den?
6. Korleis kan lærarar, foreldre og andre vaksne hjelpe deg å nå måla dine for dette halvåret? Kom med konkrete forslag.
7. Kven er du saman med på skulen?
8. Kven føler du deg trygg på i klassa?
9. Er det nokon i klassa eller på skulen som får deg til å føle deg utrygg? Dersom ja, utdjup.
10. Opplever du at nokon blir haldne utanfor eller mobba på skulen?
11. Kva bidrar du med for at det sosiale miljøet på skulen skal vere trygt og godt?
12. Kva bidrar du med for at læringsmiljøet på skulen skal vere bra?

Relasjonssirkelen

Eit førebyggjande tiltak for å sikre god kvalitet i relasjonar mellom elev og lærar, er å ta i bruk relasjonssirkelen. Ved hjelp av dette verktøyet får den vaksne ei god oversikt over kva for elevar den har ein god, usikker eller svak relasjon til. Dersom det kjem fram at det er nokre elevar den vaksne strevar med å komme i posisjon til, bør den gjere desse til «fokuselevar» og gje dei ekstra merksemd for å komme nærare dei.



Framgangsmåte:

Plasser deg sjølv i midten, deretter plasserer du elevane inn i følgjande soner:

1. Sikkerhetssona – dei elevane du er sikker på at du har ein positiv og utviklingsstøttande relasjon til.
2. Risikosona – dei elevane du har ein litt usikker relasjon til, og ikkje veldig nær kontakt med.
3. Faresona – dei elevane du har ein problematisk relasjon til, eller som du strevar med å koma i posisjon til.

Dersom det er fleire vaksne i same klasse, bør resultatane samanliknast. Legg merke til kor mange vaksne som skårar sin relasjon til å vere i faresona for ein elev. Legg også merke til om det er store sprik i resultatane, kor nokon har ein god relasjon, mens fleire er usikre eller har ein problematisk relasjon. Diskuter kva dette kan skuldast, og kva de skal sette inn av tiltak for å forbetre relasjonane.

Sosiogram


For å bygge eit godt miljø må dei tilsette på skulen sette seg inn i klassens sosiale dynamikk. Ein måte å få oversikt over dette på er å ta i bruk eit sosiogram. Eit sosiogram er ei visuell oversikt over relasjonar i ei klasse.

Framgangsmåte: Still elevane eit enkelt spørsmål som seier noko om kven andre elevar dei er knytt til på skulen, til dømes:

- Kven likar du å leike med / vere saman med på skulen?
- Kven stoler du mest på i klassa?
- Kven vil du sitte saman med i klassa dersom du tenkjer at du både skal ha det bra og klare å jobbe konsentrert?

Kvar elev får skrive opp tre andre namn.

Lag deretter ei oversikt kor kvar elev er ein sirkel. Sett piler mellom sirklane. Legg merke til kven elevar som har eit stort nettverk, og kven elevar som ikkje har det. Legg også merke til kven elevar som vel kvarandre gjensidig, og kven elevar som er einsidig vald.



Mal for telefonsamtale heim

1. Skaff deg detaljert oversikt over elevens fråvær, og om det er eit mønster i fråværet:
 - Kva for dagar er eleven borte? (Er det ofte måndagar, til dømes?)
 - Er det ofte fleire dagar i strekk (til dømes knytt til sjukdom som omgangssjuka eller influensa), eller er det enkeltstående dagar (til dømes knytt til plager som magevondt eller vondt i hovudet)?
 - Kjem eleven ofte for seint, eller går eleven heim før skuledagen er over?
 - Har eleven hyppig fråvær i samband med lege/tannlege, vurderingssituasjonar ol.?
2. Ring heimen og opplys om elevens fråvær. Minn dei om at skulen satsar på tidleg innsats ved fråvær, og at det er derfor du tek kontakt.
3. Beskriv elevens fråvær (dine funn frå pkt. 1). Spør heimen kva dei tenker om fråværet.
4. Undersøk om heimen trur at fråværet vil minke automatisk, eller om dei er bekymra for framleis høgt fråvær.
5. Undersøk om eleven ser ut til å trivst på skulen, eller om de ser teikn til at eleven mislikar eller gruar seg for noko ved skulen.
6. Konkluder saman med heimen om det er behov for eit møte kor saka drøftast nærare og tiltak blir sett i verk (trinn 2).

	Type fråvær	Info. skule	Info. heimen
a)	Enkelttimar		
b)	Gjentakande forseintkomming		
c)	Fag, dagar, personar	Tysdagar, gym	Tysdag, onsdag
d)	Situasjonar	Vurdering matematikk	

Mal for fyrste møte med heimen

Forenkla kartlegging

1. Takk føresette for at dei kjem på møtet. Agenda for møtet er å betre forstå elevens situasjon samt koma fram til tiltak som kan auke skulenærværet.


Referer til tiltakstrappen og vårt felles mål om at eleven skal trivst på skulen og på sikt bli rusta til å gjennomføre vidaregåande opplæring.

2. Finn ut av bekymringa:

- a. Er det noko på skulen som kan forklare fråværet? (relasjonar, situasjonar, strukturar, krav o.l.)
- b. Er det noko heime som kan forklare fråværet? (relasjonar, rutinar ol.)
- c. Er det noko på fritida som kan forklare fråværet? (relasjonar, situasjonar, aktivitetar o.l.)
- d. Kan eleven tenke seg til kva som kan forklare fråværet? (sjukdom, trivsel, relasjonar, sårbarheit o.l.)

3. Summer opp punktvis kva de har kome fram til.

4. I fellesskap bestemmer de kva for tiltak som skal testast ut i 3 veker. Det er viktig å avklare kven som har ansvar for kva for tiltak.




Tiltak	Ansvarleg	Evaluering
Samtale med kontaktlærer kvar veke	Kontaktlærer	
Fast leggetidspunkt	Heimen	
Samtaler med helsesjuepleiar	Skulen	



Ulike samtale- og kartleggingsverktøy

Skaleringskjema

Skaleringskjemaet består av eit søylediagram og ei oversikt over ei rekke funksjonar som blir bruka for å kartlegge elevens oppleving av ulike aspekt ved skulekvardagen. Funksjonane er knytt til fire område, blant anna til meistring i fag, relasjonar til lærarar og elevar og heimeforhold. Søylediagrammet viser ei skalering frå 1 til 10, der 1 opplevast uproblematisk og 10 uttrykker svært mykje ubehag/stress. Eleven skal plassere dei ulike funksjonane ut frå si oppleving.



Fag	Situasjoner	Arbeidsmåter	Fritid	Hjemmeforhold
Matte	Være i klasserommet	Ha prøver i klassen	Være med dyr	Fortale mor/far om morgenen
Engelsk	Være i liten gruppe	Ha prøver på grupperom	Være alene	Få nok søvn/hvile
Norsk	Jobbe individuelt (alene)	Ha prøver alene	Være med venner/familie	Være alene
Samfunnsfag	Bruke skolens toalett	Lese høyt i klassen	Drive med friluftsliv	Fortelle andre om hvordan jeg har det
KRLE	Gå inn i skolegården	Lese høyt i gruppe	Høre på musikk	
Naturfag	Gå inn når det ringer	Lese høyt alene for lærer	Spille dataspill/game	Være med familie
Kunst og håndverk	Ta buss til skolen	Be lærer om hjelp	Se på YouTube	Være med venner
Mat og helse	Gå til skolen	Ha friminutt	Være på sosiale medier	Annet
Valgfag	Bli kjørt til skolen	Svare på spørsmål muntlig i klassen	Se på tv/serier/film	Være meg selv på skolen
Fremmedspråk	Gå hjem fra skolen	Svare på spørsmål muntlig i gruppe	Lese	Komme for sent
Gym - gymsal		Svare på spørsmål alene med lærer	Lage mat	Ikke vite hva jeg skal si når jeg kommer tilbake til skolen
Gym - ute		Samarbeide med medelever	Trene	Ikke vite hva andre tenker om meg
Gym - skifte i garderobe		Presentere noe for klassen	Spise	Bli hørt
Gym - dusje		Spise i klassen		Bestemme hva jeg vil gjøre
Lærere/andre voksne		Snakke med medelever på skolen		
Fyll ut navn		Snakke med voksne på skolen		
Fyll ut navn		Presentere noe alene for lærer		
Fyll ut navn		Presentere noe i gruppe		



Ruteskjema

Ha samtaler med barnet om temaene i rutene i skjemaet. Tilpass skjemaet og samtala til barnets alder og utvikling. Eleven kan skravere for å vise kor stor del av boksane som opplevast som utfordrande. Det er også ein blank boks for «anna». Undre deg saman med eleven om det er andre moglege område som kan vere grunn til at eleven synast det er utfordrande å vere på eller å koma til skulen.

Ut i frå det som kjem fram i samtala, kan ein gjera vidare undersøkingar, eller ein kan bli einige om avtaler som vil gjere skuledagen betre for eleven.

Samtale - BARN



Samtale - UNGDOM



Pluss/minus – skjema

Område som eleven har presentert som utfordrande på skulen – til dømes etter arbeid med skaleringsskjema – kan ein undersøke vidare ved hjelp av eit pluss/minus-skjema. Det kan gje ei meir detaljert forståing av situasjonen. Til dømes er kroppsøving eit fag det kan vere vanskeleg for elevar å delta i. I denne samtala kan det koma fram at det er utfordringar knytt til forhold ved garderobe, til det å bli vurdert, eller til det å følgje beskjedar på grunn av uro. På denne måten kan det utformast tiltak på desse områda.

Ut frå skjemaet ser det ut som eleven opplever det utfordrande å bli eksponert, å vere synleg for dei andre og å bli vurdert. Forslag til tiltak kan vere:

- Syte for at eleven er førebudd og trygg gjennom å gje detaljert informasjon om kva som skal skje i kroppsøvingstimane.
- Legge til rette for at eleven kan vurderast i ulike øvingar berre framfor lærar.
- Erstatte kroppsøvingstimar med andre fysiske aktivitetar aleine eller i lita gruppe, til dømes sykle, gå tur eller trene på treningsstudio i ein periode.
- Lage avtale om eigentrening (etter plan laga saman med lærar) og loggføring i ein avgrensa periode.
- Gi moglegheit til å skifte i eigen garderobe.

Kroppsøving	
+	-
Fotball Bruke kroppen Ballspill	Alle ser meg Garderoben Skifte Dusje Turn Kommentarer Blikk Bråk

Dei 7 K-ane til arbeid med dags- og vekeplanar

Dei 7 K-ane gjev elevane struktur og ein føreseieleg skulekvardag.

1. Kva skal eg gjere?
2. Kor skal eg vere?
3. Kvifor skal eg gjere det?
4. Kven skal eg vere saman med?
5. Korleis gjer eg det?
6. Kor lenge skal eg gjere det?
7. Kva skal eg gjere etterpå?



Kjelder

Brochmann, Gaute og Madsen, Ole Jacob. *Skolevegringsmysteriet. Historien om hvorfor barn og unge sitter alene hjemme i stedet for å gå på skolen.* Cappelen Damm, Oslo 2022.

Osloskolen. *Bekymringsfullt skolefravær. En praktisk nærværsvæileder.*

<https://www.oslo.kommune.no/skole-og-utdanning/skolemiljo/bekymringsfullt-skolefravar/#gref>

Lund, Gro Emmertsen. *Fra fravær til fellesskap. Hva kan skolen gjøre?* Cappelen Damm Akademisk, Oslo 2024.